



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 23/16736-13
Saksbehandler Silje Utne Bjørke

Bygland kommune - Kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 -
handsaming av meklingsprotokoll og referat frå dialogmøte

| Saksgang | Møtedato | Saknr |
|------------------|------------|--------|
| 1 Fylkesutvalget | 27.08.2024 | 128/24 |

Fylkesutvalget har behandlet saken i møte 27.08.2024 sak 128/24

Votering

Fylkeskommunedirektørens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Fylkesutvalget - vedtak

Pkt.1 Fylkesutvalet stiller seg bak protokollen frå meklingsmøte 17.04.24 og referatet frå dialogmøte 09.02.24. Dette inneber at Agder fylkeskommune ikkje har motsegn til planforslaget for kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 i Bygland kommune.

Bygland kommune - Kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 - handsaming av meklingsprotokoll og referat frå dialogmøte

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Pkt.1 Fylkesutvalet stiller seg bak protokollen frå meklingsmøte 17.04.24 og referatet frå dialogmøte 09.02.24. Dette inneber at Agder fylkeskommune ikkje har motsegn til planforslaget for kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 i Bygland kommune.

Vedlegg

Referat frå dialogmøte 09.02.2024

Protokoll frå meklingsmøte 17.04.24

Samandrag

Bygland ønska å gå i dialog med fylkeskommunen om motsegna til tre byggjeområde i kommuneplanen sin arealdel 2023-2035. Det blei halde dialogmøte 09.02.23 og meklingsmøte 17.04.24. I dialogmøte blei det forhandla fram semje mellom partane til to av byggjeområda. I meklingsmøte blei det forhandla fram semje mellom partane for det siste byggjeområde. Fylkesutvalet har mynde til å trekke motsegna.

Saksopplysningar

Sakshistorikk:

Fylkesutvalet vedtok i sitt møte 26.09.23:

Pkt.3 Fylkesutvalet fremjar motsegn med bakgrunn i omsyn til dyrka mark når det gjeld følgende område:

- a) Næringsområde 68 Bø på grunn av konflikt med dyrka mark. Motsegna kan bli trekt dersom arealet blir avgrensa/flytta, og ikkje rårer ved dyrka mark.
- b) Kombinert bygg- og anleggsområde 93 Austadneset på grunn av konflikt med dyrka mark. Motsegna kan bli trekt dersom areal med dyrka mark tas ut og blir tilbakeført til LNF-føremål.
- c) Bustadområde 98 Sandnes på grunn av konflikt med dyrka mark. Motsegna kan bli trekt dersom arealet blir tilbakeført til LNF-føremål.

Bygland kommune gjekk i dialog med fylkeskommunen og det blei holda eit dialogmøte om motsegna 09.02.24 (vedlagt referat). Frå Agder fylkeskommune var meklingsutvalet representert med Arne Thomassen, Jorunn Lossius og Mirell Høyer-Berntsen. På dialogmøte blei følgende konkretisert og diskutert:

Innspel frå Agder fylkeskommune:

- Bø: Dersom næringsområdet blir avgrensa til 500 m2, så kan motsegna bli løyst.
- Austadneset: Held på at område med dyrka mark (ca 15 daa) skal bli tilbakeført til LNF.
- Sandnes: Held på at området skal bli tilbakeført til LNF.

Samla svar frå Bygland kommune:


- Bø: Aksepterer å avgrense næringsområdet til 500m2 i tråd med grunneigar si avgrensing.
- Austadneset: Ønskjer å ta denne vidare til mekling.
- Sandnes: Aksepterer motsegna.

Meklingsmøte mellom Statsforvalteren i Agder, Agder fylkeskommune og Bygland kommune om kommuneplanens arealdel blei gjennomført 17.04.24. Frå Agder fylkeskommune var meklingsutvalet representert med Arne Thomassen og Jorunn Lossius. På meklingsmøte blei det oppnådd einigheit om følgende (protokoll vedlagt):

Nr. 2: KBA01 (93) Austadneset

Planområdet blir dela i to, jf. kart under. Arealet vest for streken får formål «kombinert byggje- og anleggsformål – bustad/fritidsbustad/næring» med plankrav. Arealet aust for streken får formål «bygningar og anlegg – bustadar frittliggjande småhus» med plankrav, og med følgjande vilkår, som fastsettast som føresegner etter pbl. § 11-9 nr. 5:

- Innan området kan det førast opp inntil 10 einebustader / bueiningar (utbyggingsvolum).
- I vidare reguleringsplanarbeid skal eit samanhengande areal på minimum 25 dekar gjevast formål «landbruksformål – område for jordbruk», og gis føresegn om opparbeiding som fulldyrka mark (funksjonskrav).
- Dyrkbar mark som ikkje blir regulert til byggjeformål skal ha, og sikrast, ein funksjonell samanheng for landbruket med den fulldyrka jorda, jf. punktet ovanfor (funksjonskrav).



Kart 1: Kartet syner Austadneset med ein blå strek kor område skal delast i to.

Meklingsprotokollen blei handsama i kommunestyret i Bygland kommune 19.06.24. Resultata frå dialogmøte og meklingsmøte blei samrøystes vedteke. Kommunen må utarbeide ein revidert utgåve av kommuneplanen sin arealdel basert på semja frå dialogmøte og meklingsprotokoll.

Kristiansand, 08.08.2024

Tine Sundtoft
fylkeskommunedirektør

Kenneth Andresen
fylkesdirektør Analyse og plan